

**Identitet og strukturell symbolsk interaksjonisme –
teoretisk tilnærming til eit landbruk og ei bonderolle i endring**

Reidun Heggem

Notat nr 8/08, ISSN 1503-2027

reidun.heggen@bygdeforskning.no

Norsk senter for bygdeforskning
Universitetsenteret Dragvoll
7491 Trondheim

Innhald

1. Landbruk i endring	3
2. Multifunksjonelt landbruk og Landbruk Pluss.....	3
3. Frå produktivisme til post-produktivisme? Eller multifunksjonalisme? Eller...?	5
4. Ny terminologi.....	7
5. Teoretisk innfallsvinkel til ei forståing av bonderolla i endring; symbolsk interaksjonsime	8
5.1 Identitet.....	9
5.2 Teoriar om sosialisering.....	11
6. Det utvida landbruksomgrepet.....	13
7. Ein modell for eit utvida landbruksomgrep	16
Referansar	19

1. Landbruk i endring

Norsk landbruk er i stadig omstilling. Under trykket frå strammare rammevilkår søker aktørar innanfor landbruket etter nye bein å stå på. Myndigheitenes engasjement i denne samanhengen har vore ein strategi for å få fokuset bort frå auka produktivitet og produksjon i landbruket og frå prosessen rundt fortsett restrukturering innan landbruket. Ein del av strategien har vore å få bønder til å sjå på seg sjølv som grunneigar og entreprenør, eller rural gründer som er ansvarleg for sin eigen økonomiske situasjon og ikkje berre som matprodusent og mottakar av landbrukssubsidiar og produksjonstilskot. Det kan innebere ei endring frå rolla som ”stolt og uavhengig” bonde og matprodusent til ”underholdnings- og rekreasjonsagent” (Rønningen et al. 2004, Rønningen 2008).

2. Multifunksjonelt landbruk og Landbruk Pluss

Det Multifunksjonelle landbruket er eit av omgrepa som blir brukt på den politiske strategien som er sett i verk for å oppretthalde landbruket innanfor dei nye rammevilkåra. Omgrepet multifunksjonelt landbruk refererer til at: *”agriculture produces jointly a number of food and non-food outputs, some of which exhibit the characteristics of externalities and public goods”* (Laankoski 2002). Det multifunksjonelle landbruket er eit omgrep som blir brukt for å forklare at landbruket leverer viktige gode til samfunnet som kjem i tillegg til produksjonen av mat. Først og fremst er det snakk om samfunnsgode, som og blir kalla fellesgode eller kollektive gode, som det er vanskeleg å omsette i ein marknad. Natur- og kulturlandskap og kulturarv er slike gode (Rønningen et al. 2004). Ein kan påberope at norsk landbrukspolitik har vore multifunksjonelt i sitt innhald i lang tid (Blekesaune 1999), men historia til bruken av omgrepet er ganske kort (Almås 1989, 1999, Rønningen et al. 2004). Landbruk Pluss er ein politisk strategi som beskriv eit nasjonalt og aktørbasert program for det multifunksjonelle landbruket. Landbruk Pluss er ein overlevingsstrategi for norske bønder i ein situasjon der norsk landbruk er hardt pressa. Dette var i utgangspunktet ein strategi som trådde i kraft under dåverande landbruksminister Lars Sponheim, men som var førebudd tidlegare av mellom andre landbruksminister Gunnhild Øyangen. Landbruk Pluss vektlegg alternativ næringsutvikling som ein viktig faktor.

Rammebetingelsene for norsk landbruk og matindustri er i endring. Internasjonale avtaler, nasjonale forhold og endringer i forbrukernes behov krevjer at næringsaktørene innretter seg mot markedet på en måte som sikrer lønnsomhet, og at myndigheter og virkemiddelapparat utformer satsninger og gjør prioriteringer som understøtter dette. Strategien ”Landbruk Pluss” er regjeringens politikk for aktivt å

møte endringene. Landbruk Pluss representerer nye strategier for å nå landbrukspolitikkenes mål om for det første ny næringsaktivitet, attraktive bosteder parallelt med strukturendringene i det tradisjonelle landbruket, både for personer som allerede er tilknyttet landbruket og for nye grupper mennesker. For det andre å legge til rette for omlegging til produksjon av mer spesialiserte produkter og tjenester med økt inntjening fra markedet (LMD 2005).

Denne utviklinga mot det multifunksjonelle landbruket som Landbruk Pluss representerar, inneber at det blir rom for færre bønder innanfor det tradisjonelle landbruket¹. Dette har ført til at det igjen er sett auka fokus på moglegheitene for næringsmessig bruk av utmarka. Gjennom ulike typar kommersialisering av naturressursane prøver bøndene, delvis oppmuntra av myndigheitene (St.meld.nr.19 (1999-2000) og St.meld.nr.15 (1999-2000)), å finne måtar å overleve på. Låvar vert omgjort til vevstover, restaurantar og internettkafear, bønder opprettar AS Snøbrøyt eller leverer biovarme, tilbyr overnatting med elgsafari eller "grønt" omsorgsarbeid (Perkins 2006). Dette viser ei næring i vekst og utvikling. Det blir operert med eit omgrep, Landbruk Pluss, som utvidar det tradisjonelle landbruksomgrepet til å omfatte aktivitet som ikkje nødvendigvis er direkte knytt til jordbruk, skogbruk eller planteproduksjon.

Vi har vore vitne til ei endring frå bonden som den "statsgaranterte produsenten" på 1970 talet, gjennom den "marknadsorienterte bonden" på 1990 talet til dagens "multifunksjonelle forsørgjar" av forbrukargode. Det ser ut til at vi har sett byrjinga på ei utvikling frå bonden som kun produsent av matvarer til forsørgjar av ei lang rekke gode av produkt, service og symbolsk verdi (Forbord og Johnsen 2004). Vi ser med andre ord ei utvikling frå fokus på den stødige og sterke tradisjonelle bonden som sit på traktoren og som driv hardt kroppsarbeid på 70 talet, til den energiske unge mannen med effektiv og kraftfull maskineri på 80 talet, til turistguiden i 2002 (Brandt og Haugen 2005). Vi ser eit tydeleg politisk endrings- og moderniseringsprosjekt som det er brei senje om i dei politiske kretsar (Soria Moria erklæringa 2005-09).

Det nye rammeverket for landbruket krev endringar både når det gjeld innhaldet i dagens landbruk og samtidig innhaldet i bondens kompetanse. Det har vist seg at det er ein vanskeleg og seig prosess å omdefinere bonderolla (Burton 2004). Det er nærliggande å forvente motstand mot ei endring når den fører til ein etterspurnad av nye og annleis roller som ikkje stemmer overeins med bondens eigendefinerte oppfatning av passende bondeåtferd. Denne oppfatninga er samstundes definert innan eit sosialt og kulturelt agrart rom (Burton 1998). Tidlegare forskning har sett fokuset på økonomiske og strukturelle faktorar som forklaring

¹ Med tradisjonelt landbruk meiner ein her produksjon av mat og fiber.

(Allison 1996, Burgess, Clarke & Harrison 2000, Burton & Wilson 2006), men det blir stadig tydelegare at bønder kan motsette seg endringar på basis av eit forventat tap av identitet/meining eller sosial/kulturell belønning, som tradisjonelt er blitt vidareført gjennom konvensjonell landbruksåtfærd (Burton 2004). *God bondeåtfærd* er fundert på erfaringsbasert kompetanse og den omsluttar møteplassar og arenaer for interaksjon og utveksling av idear, eigenskapar og praktisk kunnskap (Vedeld, Krogh og Vatn 2003). Definisjonen av ein *god bonde* blir utfordra med det nye rammeverket. Det må derfor settast auka fokus på den symbolske verdien av produksjonsorientert, maskulin aktivitet. Ein må sjå på korleis denne symbolske verdien er forhandla og vidareført i landbruket.

I dette paperet er målet å finne ein *fruktbar teoretisk innfallsvinkel for å forske på dei mentale og kulturelle prosessane som føregår på aktørnivå i ei tid med store endringar i landbruket*. I den samanheng er det viktig å få oversikt over terminologien som blir bruka for å beskrive endringane i landbruket. Det blir og viktig å vidareutvikle definisjonane slik at dei høver i mitt arbeid.

3. Frå produktivisme til post-produktivisme? Eller multifunksjonalisme? Eller...?

Dei analytiske omgrepa som har vorte bruka for å beskrive dei endringane og dei overgangane eg har nemnt ovanfor blir ofte omtala som *produktivisme* og *post-produktivisme* (Morris og Evans 1999, Wilson 2001, Burton og Wilson 2006). Det har føregått, og føregår framleis, diskusjon rundt bruken av omgrepa *produktivistisk* og *post-produktivistisk* landbruk. Ulike disiplinar har vore delaktige i denne diskusjonen og viser at omgrepa inkluderar miljømessige, økonomiske, sosiale og kulturelle dimensjonar (Wilson 2001, Evans et al. 2002). Det er stort sett brei semje om at det produktivistiske regimet var og er prega av landbrukets hegemoniske posisjon i bygdesamfunna (Wilson 2001). Det rurale blei definert av landbruket. Den landbrukspolitiske grupperinga var liten men tett samanknytt med stor intern styrke (Cox and Winter 1987, Clarke and Lowe 1992). Kjenneteikn ved det produktivistiske landbruket var industrialisering, kommersialisering, spesialisering og auka mekanisering og nedgang i behovet for arbeidsinnsats (Wilson 2001). Bøndene blei oppmuntra til å utvide matproduksjonen, og proteksjonisme og prisgarantiar var basisen for dette. Trusselen mot bygda var det urbane og industrialiseringa og ikkje landbruket sjølv.

Post-produktivisme derimot er eit atskillig meir omstridt omgrep på grunn av at omgrepet ikkje er ein-sidig definert, men er prega av ulike oppfatningar på bakgrunn av usemje om korvidt det post-produktivistiske regimet har teke over for det produktivistiske regimet (Wilson 2001). Det vert sett spørsmålsteikn ved den lineære framstillinga. Ein av hovudinnvendingane dreier seg rundt det tilsynelatande faktum at diskusjonen og bruken av omgrepet post-produktivisme har vore dominert av politisk økonomi og strukturalistiske tilnærmingar (Burton og Wilson 2006, Wilson 2001, Morris og Evans 1999). Nyttig og viktig aktørorientert forskning har ikkje vorte teke med i tilnærminga. Wilson (2001) definerer post-produktivisme som ein spegel av det produktivistiske regimet. Med utgangspunkt i dette kan ein seie at det post-produktivistiske regimet er prega av eit tap av det tradisjonelle landbrukets sentrale posisjon (Lowe et al. 1993), eit tap av ideologisk og økonomisk tryggleik. Bønder blir sett på som øydeleggarar av landsbygda og ikkje beskyttarar (Potter 1998). Biletet av landsbygda som ein idyll endrar seg i takt med folk flests inntrykk av bygda (Bell 2006). Det rurale blir separert frå landbruket og vi får nye sosiale representasjonar av det rurale. Uvisse om marknaden oppstår og ein møter motstand mot proteksjonismen (Wilson 2001).

Den post-produktivistiske æra er altså beskrevet som å legge redusert vekt på produksjon av mat og ein auka interesse for bygda som ein plass å forbruke, med høgt fokus på berekraftig miljø (Burton og Wilson 2006). Men omgrepet post-produktivisme møter stor motstand og blir stempla som utydeleg og som i for stor grad definert gjennom eksogene briller. Nokon har gått så langt og kalla post-produktivismen for ei myte (Morris og Evans 1999) og mange har spurt seg om post-produktivismen berre er ein konseptuell konstruksjon som beskriv mønster på det makro-strukturelle nivå (Burton og Wilson 2006, Wilson 2001, Evans et al. 2002). Dei fleste av våre konsumerte varer er framleis masseprodusert innanfor eit produktivistisk regime (Friedland 1997). Fleire er inne på at bruken av omgrepet multifunksjonelt landbruk er eit godt alternativt sluttunkt for å beskrive den tidsepoken vi er inne i. Dette på bakgrunn av at det multifunksjonelle landbruksregimet betre tek inn over seg diversiteten og den ikkje-lineære og spatiale heterogeniteten som kan observerast i det moderne landbruket og det rurale samfunnet (Wilson 2001, Bjørkhaug og Richards 2008). I tillegg inneber omgrepet "multifunksjonelt landbruk" ei forståing av at det produktivistiske og det post-produktivistiske landbruk kan opptre samstundes (Rønningen 2008, Burton og Wilson 2006, Almås 2002, Blekesaune og Almås 2002, Blekesaune og Almås 1992).

4. Ny terminologi

Som vi ser, ligg det fleire nyansar i sentrale omgrep som ein ikkje einast om. Og det er ingen klokkeklare definisjonar, i og med at alle ikkje er samd i at det faktisk har skjedd ein fullstendig overgang frå produktivisme til post-produktivisme, og at vi har fått ein ny periode med stabilitet (Wilson 2001). I dette paperet set eg fokus på *om omgrepa fannar vidt nok for å inkorporere dei faktorane som er av tyding for å få fram den aktørorienterte og kulturelle komponenten som ein er avhengig av i ein vellykka endringsprosess. Dette for å synleggjere landbrukets reelle rolle i eit bygdesamfunn*. Produktivisme og post-produktivisme er begge omgrep som har tradisjonell landbruksaktivitet (produksjon av mat og fiber) som eit premiss. Det same gjeld omgrepet multifunksjonalitet. For å kunne seie noko om konsekvensane av dagens landbruk, må ein i mange høve utvide definisjonane og terminologien for å fanne alle dei som ikkje høyrer heime i det tradisjonelle landbruket. Det gjeld dei som driv med aktivitetar av ein slik art at dei i høgste grad opprettheld viktige funksjonar som tidlegare har vore tillagt det tradisjonelle landbruket (busetnad, forvaltning av naturressursar, redusere fråflytting, modernisering av bygda). Dette kjem eg nærare attende til i det neste avsnittet.

Desse aktørane har ei viktig rolle i bygdesamfunnet ved å bu på garden og drive med aktivitetar som gjer det mogleg å leve av næring utan å drive med landbruk i tradisjonell forstand. Eg er interessert i å inkludere i dei analytiske omgrepa dei som driv med ein aktivitet som ligg i ytterkanten eller utafør det tradisjonelle landbruksomgrepet, og som dermed befinn seg i ytterkanten av bondedefinisjonen og utafør dei kriterier som ligg til grunn for subsidiar. På politisk nivå ser ein fine fesstalar og politiske løfte som trekk fram dei som driv ein aktivitet som er tilpassa den nye marknaden. Problemet er at mange av gardsbruka i desse gruppene på basis av lovverk, regelverk og forskrifter blir definert som nedlagt i statistikken. Det kan oppfattast som mangel på samsvar mellom politiske ønske og visjonar og den terminologien som er med på å gjere visjonane moglege. Eg vil derfor foreslå å utvide omgrepet landbruk til å omfatte *aktivitet på gardsbruk som forvaltar naturressursar av ein viss storleik*. På denne måten meiner eg at ein får med grupper som er viktig når ein har bygda som utgangspunkt og for å få til eit samanfall mellom mål på politisk nivå og på aktørnivå. Måla på politisk nivå krev at ein treffer ein marknad, og denne marknaden krev mellom anna kompetanse som ligg utafør den kompetansen som tradisjonelt landbruk i form av produksjon av mat og fiber krev. For å bli i stand til å tileigne seg denne kompetansen, må ein kunne bevege seg ut av den før definerte bonderolla utan at ein dett ut av den praktiske tydinga av det å vere bonde. Ved å utvide

terminologien, gir ein plass til folk som har kompetanse tilpassa den nye situasjonen og ein synleggjer aktørar som før ikkje har vore synleg. I mange samanhengar er dette kvinner som utfører viktig aktivitet på gardsbruk og utvidinga av landbruksomgrepet gir dei legitimitet og betydning på linje med aktørar som driv tradisjonelt. Dermed kjem dei innanfor kategoriseringa som ligg til grunn for positive tilbakemeldingar og insentiv.

På bakgrunn av dette, vil eg i dette paperet gå inn i den teoretiske innfallsvinkelen ein kallar symbolsk interaksjonisme. Dette nettopp for å inkludere aktørnivået i omgrepsteoriar som har vore kritisert for å vere sterkt prega av strukturelle tilnærmingar på makronivå. Innanfor denne teoretiske ramma vil eg igjen snevre meg inn i identitetsteorien utvikla av Stryker. Dette for å synleggjere det pluralistiske elementet som ligg i bonderolla i ei ny tid.

5. Teoretisk innfallsvinkel til ei forståing av bonderolla i endring; symbolsk interaksjonsime

Utgangspunktet for dette paperet er at norsk landbruk står framfor store utfordringar som følgje av internasjonale rammevilkår som strammar seg til. Norsk landbruk og norske bønder vil i åra framover oppleve store endringar knytta til gardsdrifta og busetting i distriktet. Etter mi meining vil dette føre til at innhaldet i yrkestittelen *bonde* vil endre seg og det same vil definisjonen av *landbruk*. Både yrkestittel og arbeidsplass vil for mange endre seg fundamentalt. Mange av dei som i dag jobbar innanfor landbruket, må rekne med å omdefinere si eiga arbeidsrolle om dei skal ha ein sjanse til å kunne fortsette å drive garden og halde den i hevd. I følgje Almås (1995) dreier bygdeutvikling i vidaste forstand seg om å modernisere bygda. I tidlegare tider hadde det tradisjonelle landbruket denne rolla. Utvikling i landbruket vart utvikling i bygdene (Almås 1995). Norsk distriktpolitikk vert kjenneteikna ved at landbrukspolitiske mottiltak har vore brukt for å stoppe fråflyttinga. Landbruket har hatt "jobben" med å oppretthalde busetting i distrikta. Om landbruket fortsatt skal ha denne rolla, må ein som nemnt i førre avsnitt omdefinere og utvide landbruksomgrepet. I dag er ikkje lenger landbruk og bygd eintydige og samanfallande storleiker som dreg i same retning (Almås 1995). Bygdeutvikling dreier seg ved sidan av næringsutvikling om å skape eit nytt utgangspunkt med nye spelereglar og nye aktørar. Nye relasjonar mellom aktørane blir oppretta og maktforholda blir endra. Den multifunksjonelle bonden må reflektere over seg sjølv og konstruere sin eigen, meir individualiserte, refleksive identitet (Giddens 1991).

Nyare sosiologisk teoriutvikling, med utgangspunkt i kulturteori og post-modernitet, har lagt stor vekt på forståinga av individas identitetsskapande prosessar, samtidig som ein har fokusert på *mangfaldet* i desse identitetane (Ritzer 1996, Kumar 1995, Lyon 1994). Sentrale stikkord er individualisering, fragmentering og oppblomstring av sub-kulturar. Dette er impulsar som også har gjort seg gjeldane innan nyare bygdesosiologisk forskning (Phillips 1998, Cloke og Little 1997, Mormont 1990). Ein snakkar ikkje lenger om ei integrert bygdeutvikling, men om heterogene bygdesamfunn (Villa 1999, 2000, Hompland 1991, Shucksmith 2008) som består av meir eller mindre definerte grupper som alle har sine ulike identitetar, livsstilar og preferansar. Det seinmoderne, differensierte bygdesamfunnet må skape teikn og symbol som reflekterer den nye realiteten (Almås 1995). *Identitet* og *sosialisering* blir med andre ord sentrale element i dette prosjektet. I dette paperet set eg desse omgrepa inn i teoriar basert på symbolsk interaksjonisme.

5.1 Identitet

Symbolsk interaksjonisme kan vere eit fruktbart teoretisk utgangspunkt for å forstå konstruksjonen av bondeidentiteten (Brandth 2001, Burton 2004). Sosial konstruksjonisme fokuserar på at det viktige med det "rurale" og "landbruk" ligg i den fasinerande verda av sosiale, kulturelle og moralske verdiar som ein knytt til ruralitet, rurale område og ruralt liv (Cloke 2006). I dette paperet nyttar eg meg av *strukturert symbolsk interaksjonisme* (structural symbolic interactionism) (Stryker 1980, 2003, Serpe 1987, Burton 1998) spesifisert ved Strykers *identitetsteori* (Stryker 1994, 2003, Stryker & Burke 2000, Cerulo 1997, Desrochers 2004). Innanfor denne vide teoretiske innfallsvinkel, blir individet og samfunnet karakterisert som ein del av eit dynamisk og konstant gjensidig påverka system der "sjølvet" blir definert som ein sosial struktur som veks ut av sin sosiale erfaring (Mead 1934). Samfunnet er sett på som å bli omfatta av ulike grupper eller samfunn som kvar har si eiga erfaring og symbolske forståing av verda. Det er gjennom interaksjon med desse ulike sosiale gruppene at individet utviklar ei forståing av verda og tillegg seg ein "self-referent label" eller "positional label" (Stryker 1980) til gruppa. Uttrykket "eg er ein bonde" fell saman med ei forståing av kva for handlingar som er passande, "bønder gjer..." (Burton 2004, s. 198). Gjennom sosialiseringsprosessen utviklar individet ein eigen identitet. Konsistent åtferd er sikra når den felles forståinga som er utvikla blir internalisert. Medlemsskap i ei gruppe blir utvikla og oppretthaldt gjennom å ha forpliktingar til den same symbolske meininga som resten av gruppa, gjennom for eksempel

finansiell investering i signifikante symbol, sosialt passende oppførsel eller ved å korrigere dei som forfektar ei annleis meining. På denne måten er kvart individ ein refleksjon av hans/hennar sosio-kulturelle oppdraging (Burton 1998, s. 70).

På bakgrunn av det gjensidige i relasjonen mellom styrken til identiteten og rolleåtferda, hevdar Stryker at mekanismen som bind dette saman er sjølvrespekten (Stryker 2003). Om rolleåtferda er motivert av å vere opptatt av å oppretthalde sin eigen image i auga til dei andre i gruppa, så krev individa ein mekanisme som kan forsikre dei om at måten dei opptrer på er passende. På denne måten fører ei bekrefting på rolleåtferd til å styrke identiteten. Når ein person utfører rolla som bonde, er det sannsynleg at personen kjem i kontakt med andre medlemmar av bondesamfunnet, og gjennom å høyre historier og fortolkingar, vil dei lære den sosiale meininga med å vere bonde. Om individet synleggjer viktige symbol som reflekterer tilhøyre til gruppa, enten i samanheng med haldningar/verdiar eller oppførsel (for eksempel kjøp av ei ny maskin), kan dei motta positiv sosial tilbakemelding. Men om dei signifikante symbola ikkje er i samsvar med gruppeidentiteten, vil det kome formaningar. Identitetsteorien tek utgangspunkt i at samfunnet er strukturert i grupper med same forventningar til sine medlemmers åferd, og at desse forventningane gir individet eit direktiv for handling (Burton 1998). For den individuelle medlemmen, er fordelen med å identifisere seg med ei sosial gruppe at det tilbyr ei form for tryggleik og eit stabilt rammeverk der ein kan sjå verda gjennom dei same meiningane, tolkingane og forståingane av hendingar og objekt (Burton 1998, s. 70). Når den tradisjonelle bonderolla (som er identitetsgruppa) blir utfordra av ei endra omverd og krav knytt til den, vil resultatet avhenge av identitetsgruppas styrke. Motstand vil kome når nye roller som blir foreslått ikkje stemmer overeins med bondens eigen oppfatning av kva som utgjer ein *god* bonde, eller *god* bondeoppførsel (Burton 1998).

På basis av Strykers identitetsteori, er det tre nøkkelpunkt som vedrører konstruksjonen av bonde-identitetar. For det første: identitetar som utgjer "the self- concept" blir sett på som samansett og hierarkisk. For det andre: individet er ikkje avgrensa til ein identitet basert rundt primæryrket, men kan oppretthalde identitetar i fleire yrkeskategoriar. Til sist: yrkesidentitetar er blant dei viktigaste identitetar og identitetar knytt til landbruk er truleg viktige (Burton 2004). Ein kan forvente at den produktivistiske identitetsgruppa står sterkt blant dagens bønder. Burton og Wilson (2006) konkluderar med at ein post-produktivistisk bondeidentitet som beveger seg frå å vere basert på bonden berre som matprodusent og til å inkorporere bondens mangfaldige rolle som matprodusent, miljø-forvaltar og produsent av "forbruksrom" for ikkje-

landbruksaktivitetar, foreløpig er eit hypotetisk mål for framtida meir enn ein realitet. Det vil igjen seie at samfunn med godt utvikla økonomi må endre dei gamle førestillingane om kva omgrepet *bonde* betyr og kva *landbruk* dreier seg om (Burton og Wilson 2006).

5.2 Teoriar om sosialisering

Som eit resultat av viktigheita av identitet og identitetsgrupper for endringar i bonderolla, vil sosialisering og sosialiseringsprosessen (som utviklar individets identitet) bli sentrale. I Noreg har det vore slik at kontinuiteten på dei enkelte gardsbruka blir sikra gjennom å overføre eigedomen mellom generasjonar. På landsbasis blir om lag 90 % av landbrukseigedommane overdratt til ein person som er i slekt med arvelatar, om ein tek med overdragingar til nevøar, nieser og andre med nær tilknytning til slekta (Søbstad & Andersen 1995, s. 10). Odelsretten uttrykker juridisk ein slektsdominans i forhold til landbruksressursane, men også på det personlege plan verker det som at det er viktig å sikre kontinuitet gjennom nokon "i slekta".

Det er også snakk om kontinuitet for sjølve bondeyrket. Det vil seie at eigarar av gardsbruk tidleg bør legge føringar og planer for eigarskiftet (Daugstad 1999). Gunnlaug Daugstad finn i si studie at det kan sjå ut til at ein person som tek over eit bruk på odel blir positivt sanksjonert frå andre personar i omgjevnaden. Ut frå sosialisering, oppdraging og internalisering av verdiar vil ein person vite dette, og desse verdiane blir konstituert i eit sett av reglar, idear og ideal om *korleis ting skal vere*. Verdsettinga blir nedfelt i form av ei kjensle av plikt og moralsk ansvar (Daugstad 1999). Bønder ser ut til å sjå på seg sjølve som bærarar av ein slektskultur som ein kan føre vidare gjennom generasjonar. Det vil seie at ein ideelt sett skal kunne spore blodsband mellom arvelatar og arving. Kunnskapen ein får både frå direkte og overført erfaring gjer at ein person som er oppvaks på eit gardsbruk skil seg frå ein person som ikkje er oppvaks på eit gardsbruk i verdiar, normar og fortolkingar av landskapet (Daugstad 1999). Sosialiseringprosessen som skjer på ein odelsgard vil derfor bli eit sentralt element når det gjeld identitet og rekruttering til det nye multifunksjonelle landbruket.

Interaksjonistisk tenking finn vi i stor grad innanfor både teori om kjønns sosialisering og sosialiseringsteori generelt. Sosialisering er ein prosess av formidling og innlæring av ferdigheiter som medfører at individa formast til ein personlegdom. Det er vanleg å dele sosialisering opp i to fasar; primær- og sekundærsosialisering (Mead 1934, Berger og Luckmann 1990). Eit fellestema er møtet mellom moderniteten og dei førestillingar vi tek for gitt, for eksempel slik

dei er overlevert gjennom tradisjon. Primærsosiologi er ein prosess som føregår i barns tidlegaste leveår. Den viktigaste ramma om prosessen er familien. Berger og Luckmann viser at primærsosialiseringa kan vere vanskeleg å forandre. Den er emosjonelt sterkt knytta til personen. Den har eit normativt innhald som barnet lærer som "naturleg". Barnet byrjar å overta ei verd som allereie finnest når det fødest inn i ein objektiv sosial struktur. I ein slik prosess blir barnet avhengig av korleis dei signifikante andre formidlar og filtrerer verda. Det som gjer primærsosialiseringa spesielt verknadsfull, er den erkjennelsesmessige innlæringa. Den er kjenslemessig lada fordi barnet identifiserer seg emosjonelt med dei signifikante andre. Slik utviklar individet ei forståing av kva for handlingar som er passande innanfor den aktuelle bondeidentiteten.

Sekundærsosialisering kjenneteiknar den sosialisering som føregår i ungdoms- og vaksenlivet. Sekundærsosialiseringa skaper andre moglegheiter. Ny kunnskap blir tilført om verdas verkelegheit. Sekundærsosialiseringa manglar mykje av primærsosialiseringas affektive karakter. Det eldste barnet kan oppdage at den verda som foreldra representerer og presenterer, og som barnet har tatt for gitt som ein uunngåelig verkelegheit, faktisk er ein verkelegheit som er diskutabel (til dømes knytt til kjønn). Sekundærsosialisering finn stad både når eit individ trer inn på nye arenaer f.eks. bytter arbeidsplass, eller skifter posisjon til ein annan innanfor same organisasjon (Berger og Luckmann 1990). Kanskje er det innanfor sekundærsosialiseringa overgangen frå ein bondeidentitet til ein annan vil finne stad?

Schucksmith og Herrmann nyttar omgrepet "habitus" for å få fram elementa i sosialiseringsprosessen der dei dominante tankane og erfaringane blir internaliserte i menneska, spesielt i tidlege år men og gjennom seinare erfaringar og sosial interaksjon (Schucksmith og Herrmann 2002). Schucksmith og Herrmann nemner tre grunnar til at Bourdieus omgrep *habitus* er viktig når ein skal prøve å forstå bondens handlingar. For det første så tilbyr omgrepet ei forklaring på konstruksjonen av "world-views", "webs-of-beliefs" og "disposition-to-act" som skal ligge bak bondens haldningar og åtferd. For det andre finn dei ein konsistens mellom måten ein forklarar gjennom sosialiseringsprosessen og interaksjonen mellom sosiale grupper og empirien. For det tredje foreslår denne forklaringa at ein bondes disposisjonar for handling endrar seg gradvis. Som ein konsekvens av det kan ein søke å identifisere og isolere bestemte varige aspekt av habitus, som igjen kan brukast til å forutseie handling. Burton (2008) meiner dette bekreftar eksistensen av andre former for kapital enn den økonomiske innanfor

dei daglege landbruksaktivitetane og foreslår at den mest effektive måten å garantere ein varig haldningsendring på, er at den endringa blir involvert i landbruksområdet på eit kulturelt nivå.

Burton et al. (2008) tek utgangspunkt i Bourdieus formar for kapital for å konseptualisera ikkje-økonomisk lønning i landbruket. Nærare bestemt set dei fokus på dei tre formene for kulturell kapital; institusjonalisert form (t.d formell utdanning), objektifisert form (vise fram kulturelle godar med høg status) og kroppsleggjort form (langvarig disposisjonar for kropp og sjel). I denne samanhengen er det den siste forma for kulturell kapital som er interessant. I ein integreringsprosess vil ein kroppsleggjort form for kulturell kapital hjelpe med å forme individets habitus – *a socialised body, a structured body, a body which has incorporated the immanement structures of a world as well as action within the world* (Bourdieu 1998, s. 81 i Burton et al 2008, s. 7). Burton definerar habitus som ein kombinasjon av aktivitetar som er påverka av gardsstruktur (kva for produksjon og storleik det er på garden), arv i gardsfamilien (sosialisering) og involvering av bonden i landbrukspraksisen (Burton et al. 2008, s. 7). Habitus er eit system av omsetbar og varige disposisjonar. Habitus skaffar retningsliner for ein person for å velje eit handlingsalternativ framfor eit anna. Individ og grupper uttrykker sin habitus gjennom deira praksis (Sohlberg og Sohlberg 2001 i Bjørkhaug 2006).

6. Det utvida landbruksomgrepet

Utgangspunktet for dette paperet var å finne ein fruktbar teoretisk innfallsvinkel til å forske på eit landbruk og ei bonderolle i endring. Endringane i landbruket fordrar ei endring hos bonden når det gjeld kompetanse og kvalifikasjonar. Den krev vilje til omstilling og nytenking hos bonden, men og hos dei som jobbar på politisk nivå og i forvaltninga. Vi ser ei endring for bonden frå berre å produsere mat og fiber til å produsere varer med symbolsk verdi i tillegg. For å få denne endringa til å bli varig og berekraftig, må ein fokusere på det kulturelle aspektet ved landbruket og bonden (Burton 1998, 2004). Det krevst ei mentalitetsendring. For å få til denne endringa, er bonden avhengig av å få anerkjenning for den nye bondeidentiteten eller dei nye bondeidentitetane. Overføring av kroppsleggjort kulturell kapital blir avhengig av utvikling av *identical categories of perception and appreciation' with other farmers, such that the embodied 'skills' can be recognised by others and rewarded with other forms of capital – for example, by generating social capital for the individual through enhanced status* (Burton et al. 2008, s. 20). Dette heng saman med det identitetsteorien har som utgangspunkt, nemleg at konsistent åferd er sikra når den felles forståinga som er utvikla blir internalisert.

Medlemskap i ei gruppe blir utvikla og oppretthaldd gjennom å ha forplikningar til den same symbolske meininga som resten av gruppa, gjennom til dømes finansiell investering i signifikante symbol, sosialt passende oppførsel eller ved å korrigere dei som forfektar ei annleis meining. Om rolleåtferden er motivert av å vere opptatt av å oppretthalde sin eigen image i auga på dei andre i gruppa, så krev individa ein mekanisme som kan forsikre dei om at måten dei opptrer på er passande. På denne måten fører ei bekrefting på rolleåtferd til å styrke identiteten. Innanfor det produktivistiske regimet kan ein tenkje seg at bondeidentiteten var meir einsarta og at det var klårare for bonden kva for åtferd som medførte positive sanksjonar og tilbakemeldingar. Innanfor det post-produksjonistiske landbruket blir bondens rolle meir uklar og statusen søkk i fleire leirar. Det same gjeld og om ein vel å nytte omgrepet multifunksjonelt landbruk. Dei politiske målsettingane fører til at bonden må gjennomføre endringar i utøvinga av bonderolla. Samstundes er det ikkje sikkert at tilbakemeldingane frå andre bønder står i stil med forventningane og etterspørselen frå politisk hald. Dette kan gjere det vanskeleg for bøndene å gjennomføre den naudsynte "forvandlinga".

Ut frå dette kan ein få inntrykk av kor grensa går når det gjeld definisjonen av landbruk og definisjonen av bonde. Dei som blir oppfatta som å dette utafør, vil ikkje få den positive tilbakemeldinga som ein er avhengig av for at endringa skal vere varig. Dei vil ikkje føle at dei er ein del av ei gruppe som gjer det ein *god bonde* skal gjere. Det er på bakgrunn av dette eg meiner vi må endre og utvide terminologien i landbrukssektoren, om vi vil at landbruket forstatt skal vere ein faktor for å redusere fråflytting og sikre vitalitet i bygde-Noreg. Ein må gå vidare enn det omgrepa ein brukar står for i dag, for å få tak i forhold som ikkje er inkludert i landbruksomgrepet. Det gjeld både om ein brukar omgrepet post-produktivismen eller multifunksjonalitet. Det trengst forskning på aktørnivået med utgangspunkt i mentale og kulturelle endringar. Det trengst eit teoretisk rammeverk som kan fanne om mangfaldet blant bønder og mangfaldet innanfor landbruksomgrepet. På bakgrunn av dette meiner eg at utgangspunktet i identitetsteorien og den strukturelt symbolske interaksjonismen passar godt for å få fram dette mangfaldet. Dette fordi identitetsteorien byggjer på ei forståing av sjølvet som strukturert på same måten som strukturen i samfunnet elles, nemleg som ei samansetning av multiple identitetar; ... *identity theory suggests that an individual can maintain as many identities as roles played in distinct sets of social relationships* (Stryker 1994 i Burton og Wilson 2006, s. 98), *spatial and temporal variations in the opportunity to express identity inevitably result in some categories of identity becoming more important for self construction than others* (Burton

og Wilson 2006, s. 98). Disse identitetskategoriane kan vere kjønn, familie, bygd, etnisitet, nasjonalitet og yrkesidentitet. Habitusomgrepet kan i denne samanhengen kritiserast for å forenkla sjølvet til å bestå av kun eit individ med ein disposisjon for handling og *...therefore has no means of explaining why one behaviour may be selected in one instance and a different choice made under different circumstances* (Burton 1998, s. 80).

Burton og Wilson fann i si studie at det er manglande samsvar mellom makronivå og mikronivå når det gjaldt overgangen frå det produktivistiske til det post-produktivistiske regimet. Det har ikkje skjedd ei endring av bøndene sin oppfatning av seg sjølv som produsentar av mat og fiber over til å i tillegg bli miljøforvaltarar, produsentar av "consumption space" for eksterne landbruksaktivitetar. Tydinga her er at *society in advanced economies will have to change its thousand-year-old notions of both what the term 'farmer' means and what 'farming' is about* (Burton og Wilson 2006, s. 111).


Dette samsvarar tildels med funn i norske studie (Rønningen m.fl 2004). Men norske bønder har nok generelt i større grad tatt dei post-produktivistiske tankane innover seg, noko som mellom anna kan tilskrivast det historiske faktum at størsteparten av norske bønder har dreve mangesysleri. Dagens pluriaktivitet i retning post-produktivismen, kan derfor beskrivast som moderne mangesysleri (Jones og Rønningen 2007).

Det er med bakgrunn i dette eg foreslår å utvide dei analytiske omgrepa til å famne også dei som ikkje driv aktivitetar med basis i tradisjonelt landbruk (produksjon av mat og fiber). Da vil ein får eit meir nyansert bilete av det som føregår på landbrukseigedomar i bygde-Noreg, og kanskje vil ein finne at vi er nærare det post-produktivistiske landbruket enn det kan sjå ut til. I Nynorskordboka finn vi følgjande definisjon på landbruk: *sammennning på næringar der dyrking av jord er det opphavlege grunnlaget for produksjonen, dvs jordbruk (med husdyrbruk), hagebruk, skogbruk og meieribruk*. Eg vil føreslå følgjande definisjon på landbruk: *sammennning på næringar der forvaltning av naturressursar av ein viss storleik er det opphavlege grunnlaget for produksjonen; jordbruk, hagebruk, skogbruk, meieribruk, servicebruk og produksjon av varer og tenester med utgangspunkt i gardens ressursar*.

7. Ein modell for eit utvida landbruksomgrep

Med utgangspunkt i ein utvida definisjon av landbruk, kan det tenkast at studiar på aktørnivå viser at bøndene har kome lenger i tilnærminga til det post-produktivistiske landbruket enn ein først kunne anta. Ein kan visualisere denne moglege samanhengen med følgjande to figurar. Den første figuren visualiserar samanhengen mellom eit produktivistisk regime, eit post-produktivistisk regime og eit multifunksjonelt regime slik omgrepa blir bruka i stor utstrekning i dag.

Figur 1: Forholdet mellom dei ulike landbruksregima slik dei er definert i debatten i dag




Denne modellen viser korleis endringar i landbruket blir framstilt ved hjelp av omgrepa produktivisme, post-produktivisme og multifunksjonalitet. Litteraturen framstillar i stor utstrekning omgrepa lineært på den måten at vi ser ei utvikling frå det produktivistiske landbruket og inn i det post-produktivistiske landbruket. Kritikarane peiker på at det produktivistiske regimet og det post-produktivistiske regimet ikkje kan plasserast langs ei tidslinje, i og med at det ser ut til at begge regima finst samstundes. Denne lineariteten blir forsøkt oppheva ved å introdusere det multifunksjonelle landbruket. For det andre går kritikken på at omgrepet post-produktivisme byggjer for mykje på strukturelle forhold på makronivå. I

modellen blir dette visualisert ved at pilen med makronivå har bevega seg bort forbi det post-produktivistiske landbruket. Forsking viser derimot at på aktørnivået opplever mange seg (dei fleste) framleis som aktørar i eit produktivistisk regime (visualisert ved pil som sluttar ved det produktivistiske regimet). I tillegg blir heterogeniteten på bygda og i landbruket usynleg på grunn av at aktørnivået ikkje er innlemma i omgrepa.

Den andre figuren visualiserar forholdet mellom dei ulike regima med basis i ein utvida definisjon av landbruksomgrepet:

Figur 2: Eit mogleg forhold mellom dei ulike landbruksregima med den vidare definisjonen av landbruk og ein auka merksemd mot aktørnivået



I denne modellen ser vi at dei tre formene for landbruk er stilt side om side og ikkje lineært. I tillegg har ein fått ei utviding av det multifunksjonelle landbruket til også å omfatte ikkje-landbruksrelatert aktivitet (diversifisering). Samstundes ser ein av pilane at mikro- og makronivå er meir samkøyrte på grunn av større fokus på aktørperspektivet og at regima her kan eksistere samstundes. Slik kan det sjå ut ved å innlemme aktørnivået og dermed få med heterogeniteten og i tillegg utvide landbruksomgrepet til å omfatte meir enn aktivitetar knytt til produksjon av mat og fiber. Ved å utvide landbruksomgrepet til også å omfatte aktivitet knytt til garden og til

eige av naturressursar av ein viss storleik, og ved å ta utgangspunkt i aktørnivået, kan det vere at vi får sjå eit anna bilete enn det som vert teikna av dagens regime og regimeendringar i landbruket. Eg trur at vi da får sjå eit større mangfald enn det som i dag blir synleg på grunn av operasjonalisering på bakgrunn av for snevre definisjonar. Dagens landbruk er som mange har nemnt, prega av stor heterogenitet. Ein snakkar ikkje lenger om ei bygdeutvikling men om heterogene bygdesamfunn (Villa 1999, 2000, Hompland 1991) som består av meir eller mindre definerte grupper som alle har sine ulike identitetar, livsstilar og preferansar.

Det seinmoderne, differensierte bygdesamfunnet må skape teikn og symbol som reflekterer den nye realiteten (Almås 1995). Og det er nettopp dette eg trur vi nærmar oss ved å gjere desse justeringane. Ved å innlemme aktivitet som ikkje er direkte knytt til tradisjonell landbruksaktivitet, synleggjer ein aktørar som før har vore usynlege. Eit godt døme her er kvinner på norske gardsbruk. Ein får og ein meir korrekt statistikk når ein skal måle pulsen på bygda i forhold til å rekne nedlagte gardsbruk som kanskje visar seg å ikkje vere nedlagte, dei har berre dotte ut av produksjonsregisteret fordi dei ikkje lengre produserar mat og fiber. Som eit tredje punkt synleggjer ein at forvaltningsoppgåvene til bonden og aktørar i landbruket også dreier seg rundt forvaltning av andre naturressursar enn dyrka mark og skog. Det gjeld og forvaltning av til dømes fiskerettar og jaktområde. Slike forvaltningsoppgåver har pr i dag for liten merksemd hos landbruksstyresmaktene.

Med bakgrunn i denne gjennomgangen meiner eg at strukturell symbolsk interaksjonisme, her eksemplifisert gjennom m. a. Strykers identitetsteori, kan vere med å fylle mange av dei hola som kritikarar av omgrepet post-produktivisme peikar på. Vi får satt fokus på aktørnivået, vi sett fokus på kulturelle faktorar, og får da eit meir nyansert bilete av diversiteten på norske gardsbruk. Ein set spørsmålsteikn ved innhaldet i omgrepa landbruk og bonde, noko som er heilt nødvendig for å få ein varig og berekraftig endring som tilsvarar dei nye omgjevnadene.

Referansar

Allison, L. (1996): "On planning a forest: theoretical issues and practical problems". *Town Planning review*, Vol. 67 (2): 131-143.

Almås, R. (2002): *Norges Landbrukshistorie IV Frå bondesamfunn til bioindustri*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Almås, R. (1999): *How to secure a multifunctional agriculture in Norway?* Report No. 11/99, Trondheim: Centre for Rural Research.

Almås, R. (1995): *Bygdeutvikling*. Oslo: Det Norske Samlaget.

Almås, R. (1989): "Characteristics and Conflicts in Norwegian Agriculture", *Agriculture and Human Values*, vol VI, No ½.

Bell, D. (2006): "Variations on the rural idyll". In P. Cloke, T. Marsden and P. H. Mooney (eds.): *Handbook of rural studies*, pp. 149-60. London: Sage publications.

Berger, P. L. and T. Luckmann (1990): *Den samfundsskabte virkelighed*. Viborg: Linhardt og Ringhof.

Bjørkahug, H. and C. Richards (2008): "Multifunctional agriculture in policy and practice? A comparative analysis of Norway and Australia", *Journal of Rural Studies* 24 (1): 98-111.

Bjørkhaug, H. (2006): "Sustainable agriculture in the Norwegian Farmers` Context. Exploring Farming Habitus and Practice on the Norwegian Agricultural Field". *International Journal of Environmental, Cultural, Economic and Social Sustainability*. Vol. 2, (4).

Blekesaune, A. og R. Almås (2002): "Fra reguleringsiver til markedsløggikk - bondehusholdets ulike strategier for å overleve" i R. Almås, M. Haugen og J. P. Johnsen (red.): *Bygdeforskning gjennom 20 år*. Trondheim: Tapir akademiske forlag.

Blekesaune, A. (1999): *Agricultures importance for the viability of rural Norway*. Report No. 8/99, Trondheim: Centre for rural research

Blekesaune, A. og R. Almås (1992): "Bondehusholdets ulike strategier for å overleve" i J. Simonsen og A. Vatn (red): *Landbruk i endring - fra opptrapping til omstilling*. Oslo, Universitetsforlaget.

Bourdieu, P. (1998): *Practical Reason*. Standford: Standford University Press.

Brandt, B. and M. S. Haugen (2005): "Doing rural masculinity - from logging to outfield tourism". *Journal of Gender Studies*. Vol. 14 (1): 13-22

Brandth, B. (2001): "Landbrukskvinner, modernitet og feminisme" i B. Liljevall, K. Niskanen og M. Sjöberg (red.): *Kvinnor och jord. Arbete och ägande från medeltid till nutid*. Stockholm: Nordiska museets förlag.

Burgess, J., J. Clarke and C. Harrison (2000): "Knowledge in action: an actor network analysis of a wetland agri-environment scheme". *Ecological economies* 35 pp. 119-132.

Burton, R. J. F., C. Kuczera og G. Schwarz (2008): "Exploring farmers cultural resistance to voluntary agri-environmental schemes". *Sociologia ruralis* Vol 48 (1): 16-37.

Burton, R. J. F. and G. A., Wilson (2006): "Injecting social psychology theory into conceptualisations of agricultural agency: Towards a post-productivist farmer self-identity?". *Journal of Rural studies*, 22, 95-115.

Burton, R. J. F. (2004): "Seeing Through the "Good Farmer´s" Eyes: Towards Developing and Understanding of the Social Symbolic Value of "Productivist" Behavior." *Sociologia Ruralis*, Vol 44 (2): 195-215.

Burton, R. J. F. (1998): *The role of farmer self-identity in agricultural decision making in the Marston Vale Community Forest*. De Montfort university UK: Ph.D thesis.

Cerulo, K. A. (1997): "Identity Construction: New Issues, New Directions". *Annual Rev. Sociol.* 23: 385-409.

Clarke, J. and P. Lowe (1992): "Cleaning up agriculture: environment, technology and social science". *Sociologia Ruralis*, Vol 32 (1): 11-29.

Cloke, P.J. and J. Little (1997): "Conclusion: Marginality and Rural others". I P.J. Cloke og J. Little (eds.): *Contested countryside culture*. London: Routledge.

Cloke, P. (2006): "Conceptualizing rurality". In P. Cloke , T. Marsden and P. H. Mooney (eds): *Handbook of rural studies*. Pp 18-28. London: Sage Publications.

Cox, G. and M. Winter (1987): "Farmers and the state: a crisis for corporatism". *Political Quartely* 58, 73-81.

Daugstad, G. (1999): *Til odel og eige? Slektskap, jord og arv på gardsbruk i ei vestnorsk bygd*. Hovudfagsoppgåve, Inst. for sosialantropologi, Universitetet i Bergen

Desrochers, S., J. Andreassi og C. Thompson (2004): "Identity Theory". *Organization Management Journal*. Bibliography Vol. 1, No. 1 61-69.

Evans, N., C. Morris og M. Winter (2002): "Conceptualizing agriculture: a critique of post-productivism as the new orthodoxy". *Progress in Human Geography*. 26, 313.

Forbord, M. and J. P. Johnsen (2004): *Political rhetoric, conception of 'the farmer,' and implications for recruitment*. Paper no. 9/04. Trondheim: Centre for Rural Research.

Friedland, W. H. (1997): "Creating space for food and agro-industrial just-in-time". I D. Goodman og M. Eatts (eds.): *Globalising food. Agrarian questions and global restructuring*. London: Routhledge.

Giddens, A. (1991): *Modernity and Self-identity*. Cambridge: Polity Press.

- Hompland, A. (1991): "Det store kappeskiftet". I R. Almås (red.): *Åtte perspektiver på bygdeutvikling*. Oslo: NLVF.
- Jones, M og K. Rønningen (2007): "Jordskifte og kulturlandskap" i Ø. Ravna (red.): *Areal og eiendomsrett*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Kumar, K. (1995): *From post-industrial to post-modern society. New theories of the contemporary world*, Blackwell, Oxford.
- Laankoski, O. (2003): Multifunctional agriculture: A framework and policy design.
- LMD (2005): Landbruk – mer enn landbruk. Landbruks- og matdepartementets strategi for næringsutvikling. M-0729B. Oslo: LMD.
- Lowe, P., J. Murdoch, T. Marsden, R. Munton and A. Flynn (1993): "Regulating the new rural spaces: the uneven development of land". *Journal of Rural Studies* 9 p. 205-22.
- Lyon, D. (1994): *Postmodernity*. Buckingham: Open University Press.
- Mead, G. (1934): *Mind, self and society*. Chicago: Chicago University Press.
- Mormont, M. (1990): "Who Is Rural? or How to be Rural?". I T. Marsden, P. Lowe og S. Whatmore (eds.): *Rural Restructuring. Global Processes and their Responses*. London: David Fulton Publishers.
- Morris, C. og N. J. Evans (1999): "Research on the geography of agricultural change: redundant or revitalized?". *Area* 31.4, pp. 349-358
- Perkins, H. C. (2006): "Commodification: re-resourcing rural areas". In P. Cloke, T. Marsden and P. H. Mooney (eds.): *Handbook of Rural Studies*. pp. 3-18. London: Sage Publications.
- Phillips, M. (1998): "The Restructuring of Social Imaginations in Rural Geography". *Journal of Rural Studies* 14/1998.

Potter, C. (1998): "Against the grain: agri-environmental reform in the United States and the European Union". *CAB International*, Wallingford.

Ritzer, G. (1996): *Sociological Theory*, London: McGraw-Hill.

Rønningen, K. (2008): "Bærekraftige fjellbygder? Noen framtidbilder" i R. Almås, M. Haugen, J. F. Rye og M. Villa (red.): *Den nye bygda*. Trondheim: Tapir akademiske forlag.

Rønningen, K., B. E. Flø og E. Fjeldavli (2004): *The legitimacy of a multifunctional agriculture*. Paper No. 6/04. Trondheim: Centre for rural research

Shucksmith, M. and V. Herrmann (2001): "Future Changes in British Agriculture: Projecting Divergent Farm Household Behaviour". *Journal of Agriculture Economics*. Vol. 53, No. 1, 37-50

Shucksmith, M. (2008): "Desintegert bygdeutvikling? Utvikling nedanfra i ei usikker verd", i R. Almås, M. Haugen, J. F. Rye og M. Villa (red.): *Den nye bygda*. Trondheim: Tapir akademiske forlag.

Serpe, R. T. (1987): "Stability and Change in Self: A Structural Symbolic Interactionist Explanation". *Social Psychology Quarterly*. Vol. 50. No. 1 pp: 44-55.

Sohlberg, P. og B-M. Solhberg (2001): *Kunskapens former. Vetenskapsteori och forskningsmetod*. Liber förlag.

Soria Moria erklæringen 2005-09.

Stortingsmelding nr. 19 (1999-2000). *Om norsk landbruk og matproduksjon*.

Stortingsmelding nr. 15 (1999-2000). *Lønnsomme og konkurransedyktige reiselivsnæringer*.

Stryker, S. (2003): "Whither Symbolic interaction? Reflections on a personal Odyssey". *Symbolic Interaction*. Vol. 26. No. 1, p. 95-109.

Stryker, S. and P. J. Burke (2000): "The past, present, and future of an identity theory" *Social psychology quarterly*. Vol. 63, No. 4, pp. 284-297.

Stryker, S. (1994): "Identity theory: Its development, research base and prospects", In N. K. Denzin (ed.): *Studies in Symbolic Interactionism*. Vol. 16. London: JAI Press INC: 7-20.

Stryker, S. (1980): *Symbolic Interactionism: a social structural version*. London: Benjamin/cummings.

Søbstad, T og O. Andersen (1995): *Eierskifte i landbruket*, Oslo: Landbruksforlaget

Vedeld, P., E. Krogh og A. Vatn (2003): *Good agronomy. Social institutions among Norwegian farmers and public sector governance*. Paper XX Congress of the European Society for rural Sociology 18-22 August. Ireland: Sligo.

Villa, M. (1999): "Sosial kontakt i bygdene", *Tidsskrift for samfunnsforskning* 4/99.

Villa, M. (2000): "Livsfasebygda". I M. Husmo og J.P. Johnsen (red.): *Fra bygd og fjord til kafébord?*. Trondheim: Tapir Akademiske Forlag.

Wilson, G. A. (2001): "From Productivism to Post-Productivism... and Back again? Exploring the (Un)changed Natural and Mental Landscapes of European Agriculture". *Transaction of the Institute of British Geographers*, New Series, Vol. 26 (1): 77-102.